



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund Sjukeheim
Dato:	10.09.2009
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 09/55	Underskrift	
PS 09/56	Godkjenning av protokoll	
PS 09/57	Godkjenning av protokoll	
PS 09/58	Referatsaker	
PS 09/59	Budsjettendring august 2009	2009/464
PS 09/60	Budsjettrammer 2010	2009/465
PS 09/61	Kunnskapsnett Romsdal - forankring i deltakarkommunane	2009/459
PS 09/62	Nye vedtekter for RIUA og delegasjon av mynde til representantskapet (årsmøte) .	2009/463
PS 09/63	Søknad om fritak frå politiske verv ut valperioden - Sissel Birgitte Henriksen (AP)	2009/402

Midsund, 2.09.2009

Helge Orten
Ordførar

Gunn Hole
sekretær

PS 09/55 Underskrift

PS 09/56 Godkjenning av protokoll

PS 09/57 Godkjenning av protokoll

PS 09/58 Referatsaker



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2009/464-1
Arkiv: 153
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 24.08.2009

Saksframlegg

Budsjettendring august 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/54	Formannskapet	01.09.2009
09/59	Kommunestyret	10.09.2009

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i budsjett 2009:

Momskompensasjon	-	2199
Auke i skatt og ramme	+	1388
Stryke avsetning til disp fond	+	856
Netto rente – innsparing	+	625
Mindre i rentekompensasjon	-	425
Mindre i tilskott til ressurskrevjande brukarar	-	135
Vedtak i klagenemnd sak 09/05 og 09/06	-	340
Innsparing heimebasert omsorg	+	230

Behandling i Formannskapet - 01.09.2009

Økonomisjef Anne Oterhals orienterte om endringane.

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 01.09.2009

Kommunestyret vedtek følgjande endringar i budsjett 2009:

Momskompensasjon	-	2199
Auke i skatt og ramme	+	1388
Stryke avsetning til disp fond	+	856
Netto rente – innsparing	+	625
Mindre i rentekompensasjon	-	425
Mindre i tilskott til ressurskrevjande brukarar	-	135
Vedtak i klagenemnd sak 09/05 og 09/06	-	340
Innsparing heimebasert omsorg	+	230

Saksutgreiing:

Kommunelova § 47 og forskrift om årsbudsjett §10 har reglar for budsjettstyring. Denne saka gjeld budsjettendringar sidan budsjettet blei vedtatt i kommunestyret og som har økonomiske konsekvensar.

I løpet av budsjettåret har enkelte føresetnader endra seg frå det som var lagt til grunn for kommunestyret sitt vedtak i desember 08, både på utgift- og inntektssida, og for drift og investeringar. Dei største avvika er på andre områder enn sjølv tenesteproduksjonen. Sjølv om den økonomiske rapporteringa pr 1. tertial syner ei drift i ”balanse”, melder einingane om store utfordringar når det gjeld dei økonomiske rammene for budsjettåret. Rådmannen har likevel ikkje funnet å kunne foreslå endringar i rammene for kommunal tenesteproduksjon på grunn av at det ikkje fins finansieringsmuligheiter.

Revidert nasjonalbudsjett 2009 og kommuneproposisjon 2010

Knytta til den pågåande finanskrisa vedtok Stortinget i februar ein tiltakspakke der kommunane mottak 1.2 mrd kr til rehabilitering og vedlikehald . Midsund kommunestyre disponerte eingongstildelinga på kr 1 281 mill kr sak 09/5 og 09/19.

Revidert nasjonalbudsjett 2009 ga ein auke i kommunesektoren sine frie inntekter på 1,3 mrd kr. Vidare ble rentekompensasjonsordningane nedjustert med 0.5 mrd kr som ein konsekvens av lavare rentenivå. Kommuneproposisjonen ga ei auke i frie inntekter på 2.5 mrd kr til kommunane samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett. For Midsund kommune inneberer auke i frie inntekter kr 1.388 mill kr, basert på KS prognosemodell.

Grunnlaget for auken i frie midlar vart knytt til endring i demografi, styrke barneverntenesten, gjennomføre Omsorgsplan 2015, styrke skoleområdet. Med grunnlag i den økonomiske situasjon i denne saken ser ikkje rådmannen å kunne legge opp til ein auke i rammene, jf. føringar i kommuneproposisjonen. Auka frie inntekter må gå til å dekke inn auka utgifter.

Budsjettendringar, oppsummert:

Momskompensasjon	-	2199
Auke i skatt og ramme	+	1388
Stryke avsetning til disp fond	+	856
Netto rente – innsparing	+	625
Mindre i rentekompensasjon	-	425
Mindre i tilskott til ressurskrevende brukere	-	135

Netto (å dekke inn)	+	110
Vedtak i klagenemd sak 09/05 og 09/06	-	340
Innsparing heimebasert omsorg	+	230

Kommentarar/noter til tabell:

Prognose for 2009 viser at budsjetterte investeringar blir nesten 12 mill under budsjett og momskompensasjon av desse investeringane utgjer 2.9 mill. I k-sak 09/46 vart det vedtatt bygging av ny barnehage til kr 12.5 mill kroner. Dersom barnehagen skal stå ferdig til hausten 2010 må ein komme i gang med bygging i 2009. Rådmannen legg til grunn ein aktivitet tilsvarende 3.5 mill i 2009 og då utgjer moms på 0,7 mill .

Netto auke i skatt og rammetilskott på 1,388 mill kr dekker berre deler av dette.

Prognose på netto innsparing i renter for 2009 på 0,625 mill kroner må ein sjå i samanheng med mindre rentekompensasjon og netto auke blir 0,2 mill kroner etter prognosen.

Vi må stryke budsjettert avsetning til disposisjonsfond med 0,856 mill kr.

Formannskapet som klagenemnd vedtok i Sak 09/05 og 09/06 å gje to elever internatplass ved Tøndergård skule. Budsjett 09 la til grunn at desse ikkje fekk innvilga dette.

Rådmannen ser også andre forhold med moglege økonomiske konsekvensar som ikkje ligg føre med budsjettendring pr.august 2009. Dette er forhold som eventuelt vil bli omtala i økonomisk rapport for 2.tertial.

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):
- Budsjettendringar

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2009/465-1
Arkiv: 151
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 24.08.2009

Saksframlegg

Budsjettrammer 2010

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/55	Formannskapet	01.09.2009
09/60	Kommunestyret	10.09.2009

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek rammer for arbeidet med budsjett 2010 som går fram av saken.

Behandling i Formannskapet - 01.09.2009

Økonomisjef Anne Oterhals orienterte vedr. budsjettrammer 2010.

Ordfører Helge Orten (H) fremma følgjande forslag :

Kommunestyret vedtek førebelse rammer for arbeidet med budsjett 2010 som går fram av saken, med eit innsparingskrav på ca. 2 millioner.

Forslaget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 01.09.2009

Kommunestyret vedtek førebelse rammer for arbeidet med budsjett 2010 som går fram av saken, med eit innsparingskrav på ca. 2 millioner.

Saksutgreiing:

Føremålet med denne saken er å gje politiske rammer i innleiinga til budsjettarbeidet for budsjett 2010.

Utgangspunktet for arbeid med budsjett for 2010 er rammer satt av kommunestyret desember 2009 til økonomiplan 2009-2012. I løpet av 2009 er fleire føresetnader endra som innebær ei endring i rammene for 2010.

Til grunn for føreliggande nye rammer for 2010 er KS' prognosemodell 7a/09. Denne tar omsyn til endringar i frie inntekter i revidert nasjonalbudsjett 2009, tiltakspakken og kommuneproposisjonen 2010.

Ramme budsjett 2010 (Skatt og rammetilskot - KS prognosemodell 7a/09)

Budsjettskjema 1A - drift	Økoplan 2010	Budsjett 2010	Endring
Skatt på inntekt og formue	36 911	42 179	5 268
Ordinært rammetilskot - ks modell versjon 7a-08.06.09 inkl auke i frie inntekter	48 557	41 616	-6 941
Skjønnsmidlar i 2010 settes lik 2009 med 3.950 mill kr		3 950	3 950
Skatt på eigeidom	0	0	0
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0
Andre generelle statsstilskot	3 540	2 997	-543
Sum frie disponible inntekter	89 008	90 742	1 734
			0
Renteinntekter og utbytte	1 500	390	-1 110
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg. (grunnlag 3,5% renter)	5 500	5 200	-300
Avdrag på lån (minimumsavdrag)	3 400	3 800	400
Netto finansinnt./utg.	-7 400	-8 610	-1 210
			0
Til dekning av tidligare regnsk.m. meirforbruk (1.251 + 2.820)	0	4 071	4 071
Til ubundne avsetningar (<i>strykes ned til balanse</i>)	2 795	753	-2 042
Til bundne avsetningar	0	0	0
Bruk av tidligare regnsk.m. mindreforbruk	0	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	0
Bruk av bundne avsetningar	0	0	0
Netto avsetningar	-2 795	-4 824	-2 029
			0
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0
			0
Til fordeling drift	78 813	77 308	-1 505
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	78 813	77 308	-1 505
Meir/mindreforbruk	0	0	0

Det er ikkje lagt til grunn nokon lønns- og prisvekst. Rente på lån er satt til 3,5 % for 2010. Renter på bankinnsk 1,9 %. Renter på lån til barnehage er lagt til med 0,350 mill krone.

Budsjettskjema 1B - drift	Budsjett 2010	Ny 2010	Endring frå 2009
			0
1 Administrasjon	8 840	8 840	0
2 Oppvekst og kultur,*	24 889	25 229	340

3	Helse og sosial - Pleie og omsorg,**	47 064	46 834	-230
4	Teknisk	11 815	11 815	0
5	VAR, utan å ta med bunde fond bruk/avsetning til	0	0	0
6	Netto driftsramme, fordelt på ansvar	92 608	92 718	110
7	Ufordelt refusjon frå staten (700) ressurskr brukarar	-6 000	-5 865	135
8	Kompensasjon moms påløpt i investeringsregnskapen (428)	-4 950	-6 700	-1 750
9	Motpost avskrivning (990) m.m.	-2 845	-2 845	0
10	Motpost kalkulatoriske renter m.m.	0	0	0
11	Netto driftsramme, ufordelt på ansvar	-13 795	-15 410	-1 615
12	Sum fordelt til drift (Budsjettskjema 1A)	78 813	77 308	-1 505

* Tatt med konsekvens av vedtak i f-sak vedk internat Tøndergård skule vår 2009 med kr 340'

** Tatt ut innsparing på 0,230 mill kr i heimebasert omsorg

0

Spesifisering andre generelle statstilskott	Budsjett 2009	Ny Budsjett 2010	Endring frå 2009
Tilskott til ikkje-kommunale barnehagar, vidareformidling (2007:692)**	243	243	0
Skjønsmidlar til barnehagar (2007:844)	1 243	1 243	0
Psykisk helsevern - Opptrappingsplanen for psykiatri (2007:1448)* I rammetilskott fom 2009	0	0	0
Einslege mindreårige asylsøkarar og flyktningar	111	0	-111
Kompenasjonstilskott pr 5.11.08 -Avdrag - Omsorgsbustadar og sjukeheim, avdrag	620	620	0
Kompenasjonstilskott pr 5.11.08 -Renter - Omsorgsbustadar og sjukeheim	959	657	-302
Rentekompensasjon (pr 5.11.08) Renter- Skoleanlegg	364	234	-130
Bustadtilskott vanskelegstilte*	0	0	0
Andre generelle statstilskott	3 540	2 997	-543

Kommentarar/noter til økonomiske rammer

Det endelige budsjettforslaget vil ikkje ligg føre før forslaget til statsbudsjett vert lagt fram i første del av oktober. Prognose på kostnader til pensjon frå KLP og STP vil først komme i slutten av september.

- Skatt, ramme og andre overføringer

I samband med tiltakspakken knytt til finanskrisa fekk kommunane også ein auke i frie inntekter. For Midsund kommune sin del vart dette 0,984 mill kr.

Revidert nasjonalbudsjett 2009 gav ein auke i kommunane sine frie inntekter på om lag 1.3 mrd kr. Kommuneproposisjon 2010 gav ein auke i frie inntekter til kommunesektoren på 4 mrd samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett. For Midsund kommune inneberer auken i frie inntekter 0,457 mill kroner i auke i innbyggartilskott til psykisk helse.

Rådmannen legg til grunn at dei auka overføringane i kommuneproposisjonen går til å betre balansen. Det er i Midsund kommune sin økonomiske situasjon ikkje høve til å følgje føringane i auka frie midlar til styrking av barnevern, skole og omsorg.

Skjønnsmidlar settes lik 2009 med 3,950 mill kroner i budsjett.

Når det gjeld andre generelle statstilskott så får vi mindre i rentekompensasjon frå Husbanken enn lagt til grunn i økonomiplana. Det kan det komme ytterligere endringar i rentekompensasjonen om rentenivået elles endrar seg.

- Finans

Det er etter ei totalvurdering valt å bruke 3,5 % som kalkylerente på lån for 2010. Økonomiplana la til grunn 4,5%.

I tillegg til vedtekne tiltak i investeringsbudsjettet er det lagt inn ny barnehage med 12,5 mill kroner som grunnlag for renter.

Når det gjeld avdrag på lån er det kommunelova som sett grense for minimumsavdrag. Avdrag for 2010 er så langt ei prognose. Først når rekneskapen for 2009 er ferdig kan vi seie kor mykje avdrag vi minimum må betale i 2010.

Renta på bankinnskott er satt til mellom 1,5 og 2 % og inneståande ca 20 mill kroner for 2010. Ubunde investeringsfond på 15,8 mill kroner og andre bankinnskott på 5 mill kroner.

- Inndekning av underskot

I utkast til budsjett er det lagt inn inndekning av underskot for 2008 med 2,820 mill kr. Vi har og tatt inn inndekning av underskot for 2009 med 1,251 mill kr.

Avsetning til disposisjonsfond er i økonomiplana satt til 2,795 mill kroner. Midsund kommune skulle i sitt budsjett for 2010 hatt ei slik avsetning. Skal vi få til det i vår situasjon må vi kutte 2 mill i drifta.

I utkast til budsjett er avsetning satt til kr 0,753 mill kroner.

I driftsrekneskapen er det mindre endringar i forhold til økonomiplana. Det er tatt inn ei auke i momskompensasjon frå investeringar. Det skuldast at 12 mill kroner på prosjekta skule og bukollektiv er flytta fram til 2010 og at ny barnehage er lagt til grunn med 8 mill kroner i 2010. Det er ikkje rom for auke i aktivitetsnivået for 2010.

Aktuelle konsekvensvurderingar/utfordringar i 2010

- Fokus på balanse i revidert budsjett og rammesak 2010. Resten av planperioden balanserast med forventning om økt kommunesatsing.

- Investeringar

Det som i særleg grad påvirker kostnadene i økonomiplana er kommunen sitt investeringsprogram. I og med at investeringane sine kapitalkostnader er ein del av driftsbudsjettet vil Midsund kommune ha store økonomiske utfordringar i årene som kjem med bortfall av moms på investeringar.

- Sjukefråvær

Lønsposten er den største kostnaden for Midsund kommune. I samband med dette er det relevant å ha fokus på sjukefråværet. Samla sett er ikkje sjukefråværet i Midsund kommune høgt i høve andre kommunar. Faktisk er kommunen av dei med lågast fråvær. Likevel er fråværet for høgt, ikkje minst for nokre av einingane. Årsakene er samansette og nokre av faktorar kan ein ikkje påverke i særleg grad. I tillegg til å utfordre kvaliteten og arbeidsmiljøet har fråvær eit økonomisk potensial. Det er likevel usikkert å berekne dette, mellom anna då folketrygda dekker fråvær over 16 dagar, og at det ikkje alltid leies inn vikarar.

- Endra rammer skulesektoren

Etableringa av Midsund Montessoriskule vil få økonomiske konsekvensar for Midsund kommune i 2010, og analyse omkring dette må leggast fram i samband med budsjett 2010.

- Inntekter

Rådmannen har tidlegare gitt uttrykk for at det er grenser for kor store nedtrekk som kan akseptast i den kommunale tenesteproduksjonen. Midsund kommune har over fleire år tatt store kutt i drifta. Også i 2006, då dei fleste andre kommunar hadde eit godt år med positivt netto driftsresultat, hadde Midsund kommune eit negativt netto driftsresultat. Det er rådmannen si klåre oppfatning at, etter fleire år med store kutt i administrasjonen/tenesteproduksjonen, det ikkje er mogleg å ta ut større effektiviseringseffektar i Midsund kommune. Om ikkje kommunestyret vel å utnytte inntektene, må ein ta dette på kvantitet og kvalitet i tenesteproduksjonen.

I ein heilskapleg konsekvensvurdering av den økonomiske situasjonen, hører også ei vurdering av mulige inntekter med.

I kommunestyresak 09/7 ble konsekvensar av eigedomsskatt skissert. Under gitte føresetnader (gj.sn verditakst bustad 1.5 mill kr, 2 promille 1. året, auke med 2 promille kvart år, maks promillesats 7) er det maksimale inntekspotensialet med eigedomsskatt:

År1: ca 2.3 mill kr

År2: ca 4.7 mill kr

År 3: ca 7 mill kr

År 4: ca 8.2 mill kr

Rådmannen ser for seg å kvalitetssikre desse tala og legge fram nærare bearbeida økonomiske konsekvensar av eit slikt auka inntekspotensiale.

Vidare budsjettprosess

Den vidare budsjettprosess er skissert under.

1. Presentasjon og vedtak rammer formannskap	1. september
2. Leiarmøte - rammer + drøfting av prosessen	26. august
3. Kommunestyret	10. september
4. Rådmannen utarbeider tiltak for å kome på ramma	sept-okt
5. Leiarmøte	16.09, 7.10, 28.10, 18.11
6. Statsbudsjett	primo oktober
7. "Dialogmøte" - utvida formannskap	10. oktober
8. Forslag Budsjett 2010 og øk.plan - formannskap	10. nov og 1. des
9. Vedtak Budsjett 2010 og øk.plan – kommunestyret	17. des

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2009/459-2

Arkiv:

Saksbeh: Stian Løken

Dato: 19.08.2009

Saksframlegg

Kunnskapsnett Romsdal - forankring i deltakarkommunane

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/56	Formannskapet	01.09.2009
09/61	Kommunestyret	10.09.2009

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune godkjenner Kunnskapsnett Romsdal som ein samarbeidsarena og et rådgivande organ for kompetanse- og kvalitetsutvikling i kommunane i regionen som omtala i saksutgreiinga.
2. Under føresetnad av at utgifter til 25 % koordinatorstilling ikkje dekkes gjennom skjønnsmidlar tildelt av Møre og Romsdal fylke, godkjennast det at Midsund kommune dekker inntil 3 % av utgiftene til stillinga som omtala i saksutgreiinga.

Behandling i Formannskapet - 01.09.2009

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 01.09.2009

1. Midsund kommune godkjenner Kunnskapsnett Romsdal som ein samarbeidsarena og et rådgivande organ for kompetanse- og kvalitetsutvikling i kommunane i regionen som omtala i saksutgreiinga.
2. Under føresetnad av at utgifter til 25 % koordinatorstilling ikkje dekkes gjennom skjønnsmidlar tildelt av Møre og Romsdal fylke, godkjennast det at Midsund kommune dekker inntil 3 % av utgiftene til stillinga som omtala i saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Kommunane i regionen har lang tradisjon for å samarbeide på ulike arenaer og tenesteområder. Kunnskapsnett Romsdal er eit samarbeidsprosjekt mellom oppvekstavdelingar i 8 kommunar i Romsdal og 2 på Nordmøre. Med oppvekst meinast her barnehage- og skuleområdet og RPPT. Disse kommunane deltek i regionsamarbeidet: Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes.

Sandøy kommune deltek på barnehagedelen, på skule samarbeidar dei med Nordre Sunnmøre (Nordre Sunnmøre Kompetanseregion - NSKR).

Vurdering:

Rådmannen viser til vedlagte utgreiing ”Forankring av Kunnskapsnett Romsdal i deltakarkommunane”. For å kunne garantere vidare samarbeid er det lagt opp til ei lik politisk handsaming i kvar kommune, med felles utforming av vedtak.

Rådmannen vurderar Kunnskapsnett Romsdal som eit viktig forum for samarbeid og fellestiltak i kompetanseutvikling for kommunen, og det vil være viktig å kunne dra vekslar på kompetanse kommunane imellom.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Kommunen vil kunne få ein maks eigenandel på 7.414 kr.

Geir J. Göncz
rådmann

Stian Løken
rådgjevar

Vedlegg (prenta):

- Forankring av Kunnskapsnett Romsdal i deltakarkommunane

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/463-2
Arkiv: K23
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 24.08.2009

Saksframlegg

Nye vedtekter for RIUA (akutt forurensing) og delegasjon av mynde til representantskapet (årsmøte).

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/57	Formannskapet	01.09.2009
09/62	Kommunestyret	10.09.2009

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre vedtar vedtekter for samarbeid om beredskap mot akutt forurensning i Romsdal slik det framgår av vedlegg nr 1.
2. Midsund kommunestyre vedtar kommunens delplan for beredskap mot akutt forurensning slik det framgår av vedlegg nr 2.
3. Med hjemmel i kommunelovens § 27 vedtar Midsund kommunestyre å delegere myndighet til representantskapet (årsmøtet) på følgende områder:
 - Myndighet til å forvalte samarbeidet økonomisk og å fastsette den enkelte kommunes andel til driftstilskudd gjennom en årlig avgift.
 - Myndighet til å utarbeide og vedta operativ plan for Romsdal IUA i samsvar med de ressurser som er tilgjengelige.
 - Myndighet til å rekvirere kommunenes innsatsstyrker til aksjoner innen beredskapsområdet. Den enkelte kommunes innsatsstyrke er definert i kommunal delplan.
4. Med hjemmel i kommunelovens § 27 delegerer Midsund kommunestyre myndighet etter § 47 i Forurensningsloven til representantskapet (årsmøtet).

5. Ordfører eller den han peker ut er kommunens representant i representantskapet (årsmøtet).
6. Midsund kommunestyre vil be om at kompetanse til personell og nødvendig utstyr blir gjennomgått og oppgradert i samsvar med risikovurderingane som er/ kan bli i området.

Behandling i Formannskapet - 01.09.2009

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 01.09.2009

1. Midsund kommunestyre vedtar vedtekter for samarbeid om beredskap mot akutt forurensning i Romsdal slik det framgår av vedlegg nr 1.
- 2' Midsund kommunestyre vedtar kommunens delplan for beredskap mot akutt forurensning slik det framgår av vedlegg nr 2.
3. Med hjemmel i kommunelovens § 27 vedtar Midsund kommunestyre å delegere myndighet til representantskapet (årsmøtet) på følgende områder:
 - Myndighet til å forvalte samarbeidet økonomisk og å fastsette den enkelte kommunes andel til driftstilskudd gjennom en årlig avgift.
 - Myndighet til å utarbeide og vedta operativ plan for Romsdal IUA i samsvar med de ressurser som er tilgjengelige.
 - Myndighet til å rekvirere kommunenes innsatsstyrker til aksjoner innen beredskapsområdet. Den enkelte kommunes innsatsstyrke er definert i kommunal delplan.
4. Med hjemmel i kommunelovens § 27 delegerer Midsund kommunestyre myndighet etter § 47 i Forurensningsloven til representantskapet (årsmøtet).
5. Ordfører eller den han peker ut er kommunens representant i representantskapet (årsmøtet).
6. Midsund kommunestyre vil be om at kompetanse til personell og nødvendig utstyr blir gjennomgått og oppgradert i samsvar med risikovurderingane som er/ kan bli i området.

Saksutgreiing:

I henhold til Forurensningslovens §§ 43 og 47 har den enkelte kommune plikt til å organisere en beredskap mot akutt forurensning og aksjonere i tilfeller hvor privat beredskap ikke strekker til eller skadevolder er ukjent. Siden 1976 har kommunene i Romsdal samarbeidet om denne beredskapen. Nåværende planverk er vedtatt i 1996 og er modent for revisjon. Blant annet må planverket tilpasses nye bestemmelser i Arbeidsmiljølov og Brannvernlov.

Vurdering:

Innhold i nytt planverk

De nye vedtektene danner grunnlaget for nytt beredskapsplanverk, og er basert på de samme prinsippene som den overordnede statlige beredskapen mot akutt forurensning, jf. punkt 2 i vedtektene i vedlegg nr 1:

- *Ansvarsprinsippet* ved at den som har ansvar i en normalsituasjon også har ansvar ved uønskede hendelser.
- *Likhetsprinsippet* ved at den daglige driftsorganisasjon skal være mest mulig lik den som blir etablert under kriser.
- *Nærhetsprinsippet* ved at uønskede hendelser skal håndteres på lavest mulig nivå.

Dette betyr at beredskapen blir bygget på det eksisterende brannvernet i kommunene. Disse mannskapene vil utgjøre førsteinnsatsstyrken mot akutt forurensning både i egen kommune og ved større innsatser i flere kommuner. Molde kommune er vertskommune i samarbeidet.

Samarbeidet styres av et representantskap (årsmøte) med lik stemmerett for alle deltakerkommunene, jf. punkt 3 i vedtektene i vedlegg nr 1.

Kostnader

Driftskostnadene for samarbeidet er fordelt på kommunene i henhold til folketallet. For inneværende år er kostnaden ved den gamle ordningen satt til kr 4,50 pr innbygger. I tillegg kommer en årlig fast sum på kr 18 000,- pr kommune. Det forutsettes at det nye planverket ikke vil øke disse kostnadene utover vanlig lønns- og prisstigning.

Delegering

Det er nødvendig med delegering av myndighet på en del områder for at samarbeidet skal bli effektivt. Delegeringene framgår av hovedpunkt 4 i vedtektene og gjelder overføring av myndighet på områdene Kommunelovens § 27 og Forurensningslovens § 47. Blant annet får representantskapet (årsmøtet) myndighet til å vedta ny operativ plan basert på de samlede ressursene som samarbeidet omfatter.

Framdrift

Det tas sikte på å få det nye planverket vedtatt snarest mulig slik at arbeidet med den nye organiseringen kan starte opp til høsten 2009. Videre må det kalles inn til ekstraordinært møte i

representantskapet (årsmøtet) i løpet av inneværende år slik at operativ plan kan vedtas og nytt planverk kan være operativt fra årsskiftet. Anskaffelse av utstyr og opplæring av mannskaper vil bli tatt inn i investeringsplanene i årene fremover.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Blir vedteke i budsjettssamanheng

Geir Göncz
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Som vedlegg til saken følger:

1. Vedtekter for samarbeid om beredskap mot akutt forurensning i Romsdal.
2. Delplan for Midsund kommune.

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Molde brannvesen, teknisk



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2009/402-2
Arkiv: 033
Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik
Dato: 13.08.2009

Saksframlegg

Søknad om fritak frå politiske verv ut valperioden - Sissel Birgitte Henriksen (AP)

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/10	Valnemnda	10.09.2009
09/63	Kommunestyret	10.09.2009

Forslag til vedtak:

Sissel Birgitte Henriksen gis fritak frå alle sine politiske verv ut valperioden.

Som representant til plass i formannskap, valnemnd, tiltaksnemnd, administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval, planutval, kommunestyret, samt representantskap RIR ut denne valperioden velgjast

Behandling i Valnemnda - 01.09.2009

6 voterande.

Det vart bestemt at saka vert utsett til 10.09.2009 kl 14.30.

Vedtak i Valnemnda - 01.09.2009

Saka vert utsett til møte 10.09.2009 kl 14.30.

Saksutgreiing:

Sissel Birgitte Henriksen representerer Midsund AP i formannskapet, valnemnd, tiltaksnemnd, administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval, planutval og kommunestyret denne valperioden. I tillegg er ho valt som kommunen sin representant i RIR representantskap.

Sissel har i brev datert 29.06.09 søkt om fritak frå sine politiske verv grunna helsemessige årsaker, og desse er dokumentert i lækjarerklæring.

Vurdering:

Etter Kommunelova av 1992 § 15 (2) kan kommunestyret etter søknad frita for resten av valperioden den som ikkje utan uforholdsmessig belastning kan skjømte sine verv. Helsemessige grunnar er å sjå på som slike belastningar, og rådmann innstiller til at representanten gis slikt fritak.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Geir J. Göncz
rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådgjevar

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):****Særutskrift går til:**

Sissel Birgitte Henriksen, Midsund
RIR, Molde